

Fra: Morten Storebø (mortenstorebo@gmail.com)

Sendt: 27.08.2018 17:15:19

Til: Fylkesordførar; Austevoll kommune; Silja Ekeland Bjørkly; Pål Kårbø; Dokumentsenteret - Postmottak

Kopi:

Emne: Om autopass og elbilar

Vedlegg: image001.png

Hei

Hordaland fylkeskommune har lagt til grunn at det ikkje kan oppnåast «rabatt på rabatt» når det gjeld elbilar. I reknearket eg sende dykk på torsdag låg dette derfor inne for dei to sambanda til Austevoll, fordi det var stadfesta av fylkeskommunen.

Nett no fann eg ut at MISA behandla sak om dette 15. august, der vedtaket til utvalet er å tilrå overfor fylkesutvalet at elbiltaksten (som er 50 pst. av vanleg takst) vil bli ytterlegare rabattert dersom ein har autopassbrikke eller autopassferjeavtale. Dette er i tråd med tilrådinga i saka, og med punkt 3.2 i autopassregulativet til staten. Denne saka skal de behandle i fylkesutvalet torsdag denne veka.

Dersom fylkesutvalet gjer vedtak i tråd med tilrådinga vil derfor ikkje tala som gjeld elbilar i Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg stemme (og heldigvis for dét!).

Venleg helsing

Morten Storebø

ordførar

E-post: morten.storebo@austevoll.kommune.no

Telefon: 55 08 10 00